



Olje og Energidepartementet,
Energi- og vassdragsavdelingen,
v/Kjell Alstad,
Postboks 8148 Dep.,
0033 Oslo

6487 Harøy 26.01.2005.

Uttale til

"Høringsnotat om utkast til lov om pliktige elsertifikater".

Vår uttale går på det vi oppfatter som urimeleg handtering av etablerte vindkraftanlegg før 01.01.2004.

Sandøy Energi AS / Sandøy Vindkraft AS vil takke for at vi får høve til å uttale oss om det framlagde utkastet til innføring av ei lov om pliktige elsertifikater.

Vi ser det som svært positivt at det no blir forsøkt å lage eit lovverk for fornybar elproduksjon i Noreg. Eit lovverk som tek sikte på både å vere forutsigbar og langsiktig for å begrense investeringsrisikoen.

Litt om Sandøy Vindkraft AS.

Sandøy Energi AS etablerte det heileigde datterselskapet Sandøy Vindkraft AS 8. desember 1997. Sandøy Energi AS er igjen eit heileigd selskap av øykommunen Sandøy i Møre og Romsdal.

Den 10. desember 1999 var selskapet i drift med 5 vindmøller à 750 KW.

Sandøy Vindkraft AS blir rekna som det første kommersielle vindkraftanlegget i Noreg, og har såleis 5 heile driftsår bak seg.

I 5 års perioden er det produsert om lag 45 mill. kWh. + enøkgevinst i form av redusert nettap tilsvarende 10% av produksjonen = 4,5 mill. kWh. Vindkraftanlegget er såleis ei svært god enøkinvestering i enden av eit stort regionalnett.

Vedlagt har vi laga ein statusrapport på resultat og erfaring for "Pioneren Sandøy Vindkraft AS". Denne rapporten konkluderer med at:

Økonomisk sett har ikkje vindkraftanlegget på Harøya så langt vore nokon suksess. Anlegget har derimot vore positivt i høve til vår eiga utvikling og kompetanse. Denne har vi forsøkt å bringe vidare i miljøa som har besøkt oss, og i tillegg halde foredrag i dei fora som gjerne ville ha kjennskap til våre erfaringar med vindkraft i Noreg. Det er utarbeidd ein eigen video om historia til Sandøy Vindkraft.

Vindmøllene har stått fram som trekkplaster for turisme, og med det bidratt positivt for vårt øysamfunn. Saman med eit blomstrande næringsliv i kommunen har dei vore symbol på tiltak og evne til å ta til seg ny teknologi. Vindmøllene er akseptert i samfunnet som ein del av oss.



SANDØY ENERGI AS
6487 Harøy

Telefon 71 27 56 00
Telefax 71 27 56 18
E-post: firmapost@sandoyenergi.no

Org. nr.: 978 664 628 MVA
Postgiro: 7878.06.40757
Bankgiro: 4120.07.00048

Vaktnummer tel. 71 27 56 00

Dei er monumental og stilige. I kvardagen er det få som nemner visuell forureining når vindmøllene blir omsnakka.

Det mest positive er likevel fokus på det miljømessige aspektet. Denne statusrapporten etter 5 år viser kva bidrag og potensial vinkraft i Noreg har i seg.

Avgjerande for utviklinga av fornybar energi i Noreg vil stå og falle på om marknaden får tiltru til stabile rammevilkår.

Uttalen sitt omfang.

Vår uttale går på det vi oppfatter som urimeleg handtering av etablerte vindkraftanlegg før 01.01.2004.

Vår bransjeorganisasjon EBL (Energibedriftenes landsforening) gir uttale på heile lovverket. For oss er det veldig viktig og bra å oppleve at heile bransjen støtter vår argumentasjon om at "gamal" vindkraft må bli godkjent som sertifikatberettiga.

Likeeins har vi merka oss at OED sitt eige fagorgan, NVE, anbefaler at "gamal" vindkraft blir tatt med i lovgjevinga slik svensk lovgjeving har lagt opp til.

Om rett til elsertifikater er det uttalt fylgjande i lovutkastet punkt 3.1, 5. og 6. avsnitt:

Departementet har vurdert om visse anlegg med byggestart før 1. januar 2004 også bør kunne tildeles sertifikater. Utstedelse av elsertifikater til slike produksjonsanlegg vil imidlertid ikke bidra til å oppfylle lovforslagets formål om å øke produksjonen av fornybar elektrisitet. Disse anleggene ble bygd ut fra de lønnsomhetsvurderinger som ble lagt til grunn under daværende rammevilkår, med den risiko dette innebar. Det er derfor ikke lagt opp til å utstede sertifikater til anlegg med byggestart før 1. januar 2004. For anlegg som har vært ute av drift, og for oppussing og utvidelse vises til punkt 3.5 og 3.6.

I Sverige tildeles en del eldre produksjonsanlegg elsertifikater. Sverige faset imidlertid ut tidligere etablerte driftsstøtteordninger ved innføringen av sin elsertifikatordning. Mange anlegg som dermed mistet støtte de tidligere var berettiget til, omfattes nå av elsertifikatsystemet. Norge har i svært begrenset grad hatt slike driftsstøtteordninger og er ikke avhengig av å konvertere støtteordninger inn i elsertifikatmarkedet.

Urimelege forhold i høve til "gamal" vindkraft.

1. Sandøy Vindkraft vart prosjektert og budsjettert på avskrivningstid over 20 år og forventningar om langsiktige og forutsigbare rammevilkår.
I Noreg vart produksjonsstøtteordninga utfasa etter berre 4 år.
Dette oppfatter vi som svært urimeleg... nesten som ein dolk i ryggen på oss som
 - har vore pionerer,
 - har tru på alternativ elproduksjon,
 - har tiltru til statlege løfter, og som
 - har langsiktige mål for våre investeringar.
2. Vi oppfatter det også som svært urimeleg når vi ser at svensk lovgjeving tek med sine etablerte vindkraftanlegg. Argumentasjonen er også lik med omsyn til at tidlegare støtteordning er utfasa, og at dei av den grunn tek med "gamal" vindkraft. Vi konstaterer også at støtteordningane i Sverige har vore langt betre enn i Noreg.
3. Vidare oppfatter vi det som urimeleg å ikkje bli godkjent til sertifikatmarknaden når norsk lovgjeving skal harmoniserast med svensk lovgjeving. Resultatet blir då at svenske vindkraftanlegg blir forfordelt.

OED skriv at ... *Norge har i svært begrenset grad hatt slike driftsstøtteordninger og er ikke avhengig av å konvertere støtteordninger inn i elsertifikatmarkedet.*

Dette argumentet kan også snuast. Volumet til norske pionerer er svært lite (0,5 tWh.), og har med det liten innverknad på totalrekneskapen i sertifikatmarknaden.

På den andre sida vil alt volum vere med på å stabilisere prisnivået på sertifikata, som igjen vil vere sundt for ein stabil handel.

OED skriv i si innleiing punkt 2.1, 8. avsnitt at *"Elsertifikatmarkedet bør være langsiktig for å begrense investeringsrisikoen..."*

Kvifor har OED ei slik poengtering når vi konstaterer løftbrot nettopp på dette punkt i dei rammevilkår som no er avvikla??

Vi meiner at OED bør ha samme haldning til tidlegare rammevilkår. OED kan ikkje meine at 4 år er langsiktig. Det er nesten uansvarleg å skrive at *"Disse anleggene ble bygd ut fra de lønnsomhetsvurderinger som ble lagt til grunn under daværende rammevilkår, med den risiko dette innebar."*

Produksjonsstøtta i dei gamle rammevilkåra var vesentleg i våre vurderingar om bygging av eit vindkraftanlegg i Sandøy i 1999.

I den vedlagte statusrapporten etter 5 års drift, viser også at rammevilkåra kun kompenserer for pionerkostnader. I det siste er det også avdekket slitasje i gearsystema som vil medføre kostnader på ca. 3. mill.kr. i den næraste framtid.


Med ein slik horisont er det tvilsomt om vindkraftanlegget på Harøya har livets rett om dei ikkje blir godkjent i sertifikatmarknaden.

Vårt minimumskrav til langsiktige og forutsigbare rammevilkår er at tidlegare produksjonsstøtteordning blir gjeninnført for anlegg med byggestart før 01.01.2004


Vi har tiltru til at våre argument blir seriøst vurdert, og at politisk handsaming vil dele våre synspunkt.

Beste helsing

Sandøy Energi AS / Sandøy Vindkraft AS



Størk Huse
-adm.dir.-



Svein Ove Søholt
-økonomisjef-

Vedlegg:

Status og erfaring etter 5 års drift for

Pioneren Sandøy Vindkraft AS. Langsiktig aktør for utvikling av ny fornybar energi